

Emne:	Regional plan for kompetanse og arbeidskraft Referat frå møte i Temagruppe dimensjonering 5.10.2016	
Til stades:	Elise Dávøy, LO Ann-Kristin Kristoffersen, NHO Kristin Iversen, Forsking, internasjonalisering og analyse Torbjørn Lorentzen, Forsking, internasjonalisering og analyse Stian Skår Ludvigsen, Forsking, internasjonalisering og analyse Grete Kathrine Jacobsen, seksjon for næring Marit Rødseth, Regionalavdelinga Torbjørn Mjelstad, fagopplæringsjef Sissel Øverdal, regionleiar opplæringsavdelinga Frank Halhjem, fagopplæringskontoret Anne Sara Svendsen, fagopplæringskontoret	
Forfall:	Vidar Kjørås, KS May Søfteland	Sak: 2014/17126-79
Møtetid:	12:30-15:30	Møtestad: Møterom Forskjønnelsen, Wigandgården

Møteleiar: Torbjørn Mjelstad**Referent: Anne Sara Svendsen**

1. Status for arbeidet så langt v/ Torbjørn Mjelstad

Eit utkast til vår del av planen skal vere klart i løpet av november. Dokumenta som avdeling for Forsking, internasjonalisering og analyse har utarbeidd vil danne grunnlag for planen.

2. Skrivning av plan v/ Marit Rødseth

Marit delte gode råd om korleis ein bør skrive planar, både med omsyn på disposisjon og på innhald. Lysarka ho gikk igjennom ligg vedlagt.

Ein god plan har ca 30 sider med tekst. I vårt tilfelle tyder det at kvar temagruppe får rundt 10 sider tekst. Temagrupper sin leveranse blir eit delkapittel om dimensjonering. I tillegg kjem punkt til handlingsprogrammet. Dei tre tema får lik vektning i planen.

Organisering: det er viktig å ha ein redaktør/koordinator, kanskje også eit redaksjonsråd. Redaktør for planen blir Kristin/Katrin. I tillegg kan vi ha lokale redaktører for kvar av dei tre delane: Anne Sara blei foreslått.

Bilete og illustrasjonar kan takast inn etter at det politiske vedtaket er gjort, når plandokumentet skal lagast. Illustrasjonar gjer planen meir motiverande å lese.

Arbeidet med planen har starta «nedanfrå», utan veldig tydelege målformuleringar. Styringsgruppa kan bidra til overbyggande mål der ein ser samanhangen mellom områda. Vi må også sette opp underliggande mål for dei tre områda. Planprogrammet seier noko om kva som skal vektleggjast i planen.

Elise Dāvøy:

Viktig å også sjå samanhangen mot behov på fag-/høgskulenivå. Kanskje ikkje så stort behov for studieplassar på universitetsnivå-nivå som det blir framstilt?

Dette er ein regional plan. Kan gi innspel til det handlingsrommet UiB har.

NB! Innfallsvinklane bør avstemmast mellom dei tre gruppene, sidan dette skal inn i same plan. Kristin skal i møte med dei andre gruppeleiarane neste veke og kan ta opp dette temaet.

3. Svar på bestillingane v/Torbjørn Lorentzen

Torbjørn gikk igjennom arbeidet analyseavdelinga har gjort og tiltaka som er foreslått frå deira side. Lysarka ligg vedlagt.

4. Presentasjon av Utdanning.no v/Frank Halhjem

Utdanning.no er eit verktøy som er under utvikling, og er ein del av det nasjonale arbeidet med å synleggjere både godkjende lærebedrifter og potensielle lærebedrifter.

På nettsida vil det bli synleg kva bedrifter den enkelte vidaregåande skule samarbeider med, og verktøyet vil bidra til å styrke arbeidet med å bygge lokale nettverk mellom skular og bedrifter.

www.utdanning.no

www.finnlærebedrift.no

5. Svar på bestillingane forts. v/Stian Skår Ludvigsen

Presentasjonen ligg vedlagt.

6. Neste skritt (Torbjørn Mjelstad og Kristin Iversen)

Den enkelte kan melde synspunkt på dei utsende dokumenta til Anne Sara innan 21.oktober. Det vil vere viktigast å gå igjennom Forslag til tiltak (dokument 1).

Vi lagar ein disposisjon så snart som mogleg og sender ut. Disposisjonen og ein del tekst må vere på plass til neste møte. Torbjørn M kallar inn til møtet.